



Lom

Reguleringsplan for **Røyskattlie 18** Planid. 34340015

Analyse av risiko- og sårbarheit (ROS-analyse)



Bilde av planområdet som strekk seg opp frå Røyskattlie ned mot fylkesvegen Foto: Øyvind Pedersen, 19.03.2026.

Utarbeidd av Felleskontor plan, byggesak og miljø Lom og Skjåk.

Versjon 30.03.2026

1 Innhald

2	Innleiing.....	3
3	Metodikk.....	3
4	Om analyseobjektet.....	4
5	Omtale av risikoforhold i planområdet.....	5
5.1	Innleiande farekartlegging.....	5
5.2	Usikkerheit ved vurderingane.....	7
6	Vurdering av sårbarheit.....	7
6.1	Ekstremnedbør og overvatn.....	7
6.1.2	Ekstremnedbør og overvatn (DSB-skjema).....	11
6.2	Trafikk/trafikkulykker.....	12
6.2.1	Trafikkulykker (DSB-skjema).....	15

2 Innleiing.

Plan- og bygningslova § 4-3 av 2008 stiller krav om at det skal bli gjennomført analyser av risiko og sårbarheit (ROS-analyse) ved utarbeiding av arealplanar for nye utbyggingsområde. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal bli vist som faresoner på plankartet. Planføresegnene skal ha reglar knytt til utbygging i område med fare, og også forbod som er nødvendig for å hindre skade og tap.

3 Metodikk

Metodikken for ROS-analysen tek utgangspunkt i rettleiaren frå Direktoratet for sikkerhet og beredskap (DSB) «Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging» frå 2017. I vegleiaren viser DSB til forarbeida til PBL der det er eit mål at planlegginga ikkje fører til uønskte konsekvensar for samfunnet eller utfordrar den enkelte sin tryggleik og eigedom.

Reguleringsplanen legg til rette fleire tiltak for ny og endra arealbruk. ROS-analysen har til hensikt å identifisere uønskte hendingar som er knytt til den nye arealbruken, kor sannsynleg det er at ei hending skal inntreffe og konsekvensane av denne hendinga.

I den nye rettleiaren frå DSB er det gjeve desse samfunnsverdiar og konsekvenstypar som utgangspunkt for ei ROS-analyse:

Samfunnsverdiar	Konsekvens
Liv og helse	Liv og helse
Tryggleik	Stabilitet
Eigedom	Materielle verdiar

Liv og helse vert vurdert ut frå tal på omkomne, skadde (varige og midlertidige) eller andre som er påført helsemessige belastningar på grunn av den uønskte hendinga.

Stabilitet vert vurdert ut frå konsekvensar for befolkninga (tal og varigheit) som blir råka av hendinga gjennom svikt i kritisk samfunnsfunksjonar, og som kan bidra til manglande tilgang på mat, drikke, husly, varme, kommunikasjon, framkomst etc.

Materielle verdiar vert vurdert ut frå direkte kostnader som følge av den uønskte hendinga i form av økonomiske tap knytt til skade på eigedom.

Ved vurdering av kor sannsynleg det er at ei hending skal inntreffe, nyttar DSB desse klassane for hendingar (med unntak av flaum og skred):

Sannsyn - Kategoriar	Tidsintervall	Sannsyn (pr. år)
Høg	Oftare enn 1 gong kvart 10. år	> 10 %
Middels	1 gong kvart 10 -100 år	1 - 10 %
Låg	Sjeldnare enn 1 gong kvart 100 år	< 1 %

For flaum er kategoriane for sannsyn som DSB tilrår brukt, tilpassa TEK:

F	Sannsyn - Kategoriar	Tidsintervall	Sannsyn pr. år
F1	Høg	1 gong kvart 20. år	1/20
F2	Middels	1 gong kvart 200. år	1/200
F3	Låg	1 gong kart 1000. år	1/1000

Raske flaumar med fare for liv og helse, skal vurderast som skred.

For skred er kategoriane for sannsyn som DSB tilrår brukt, tilpassa TEK:

S	Sannsyn - Kategoriar	Tidsintervall	Sannsyn pr. år
S1	Høg	1 gong kvart 100. år	1/100
S2	Middels	1 gong kvart 1000. år	1/1000
S3	Låg	1 gong kvart 5000. år	1/5000


Før ein fastset kor sannsynleg det er at ei hending skal inntreffe og konsekvens, er det viktig at eksisterande barrierar for å unngå hendinga, vert kartlagt og dokumentert. Barrierar kan til dømes vere tiltak som flaum/skredvoll, sikringssoner rundt farleg verksemd eller varslingsystem som kan redusere sjansane for og konsekvensen av, uønskte hendingar.

4 Om analyseobjektet

Analyseobjektet er planområde for "Detaljreguleringsplan for Røyskattlie 18" (planid. 34340015). Lom kommune planlegg å bygge omsorgsbustadar på eit areal som i hovudsak ligg til Røyskattlia 18. I samband med byggeprosjektet er det nødvendig å oppdatere reguleringsplanen som gjeld for området.

Planområdet er på om lag 6,1 dekar. Det omfattar i hovudsak eigedom som er eigd av kommunen. I tillegg til grunnen det skal byggast på, omfattar planområdet ein del av den kommunale vegen Røyskattlie med kryss mot fylkesveg 2638 Solsidevegen.

Forslag til reguleringsendring går fram av plankartet, jf. kartfiguren under.



Figur 1: Framlegg til detaljreguleringsplan for Røyskattlie 18.

5 Omtale av risikoforhold i planområdet

5.1 Innleiande farekartlegging.

I tabellen nedanfor er det gjort ei innleiande vurdering av tema knytt til fare og uønskete hendingar for planen. Tema som ein vurderer at skal bli vurdert nærare i ROS er utheva i blått.

Fare	Vurdering
NATURFARE OG STADLEGE FARER SOM KAN GJERE PLANOMRÅDET UTSETT FOR UØNKSKA HENDINGAR.	
Snøskred	I samsvar med oppdatert faresonekart for skred frå 2025, ligg planområdet utanfor fareområde for snøskred. Den oppdaterte faresonekartlegginga er gjort med omsyn til skredfare uavhengig av ståande skog. Faresonekartlegginga syner at planområdet ligg heilt utafør faresone for alle typar skred, og at området tilfredstillar krav for byggetiltak i den strengaste sikringsklassen S3 - som er aktuell for tiltaka i dette planområdet. På aktsemdskart på NVE Atlas er det vist aktsemd for snøskred i området, men meir grundig faresonekartlegging som er utført, viser altså at området ligg utafør slik fare. Faresonekartlegginga frå 2025 er utført av Norconsult AS og har gjennomgått uavhengig kvalitetssikring av Sunnfjord Geosenter AS (oppdragsnr.: 52502352, versjon: J05, dato: 2025-11-26). Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Jord- og flaumskred	I samsvar med oppdatert faresonekart for skred frå 2025, ligg planområdet utanfor fareområde for jord- og flaumskred, jf. punktet over. Den oppdaterte faresonekartlegginga er gjort med omsyn til skredfare uavhengig av ståande skog. Faresonekartlegginga syner at planområdet ligg heilt utafør faresone for alle typar skred, og at området tilfredstillar krav for byggetiltak i den strengaste sikringsklassen S3 - som er aktuell for tiltaka i dette planområdet. På aktsemdskart på NVE Atlas er det vist aktsemd for jord- og flaumskred i området, men meir grundig faresonekartlegging som er utført, viser altså at området ligg utafør slik fare. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Steinsprang	Planområdet er ikkje omfatta av aktsemdsområde for steinsprang. Faresonekartlegginga frå 2025 (jf. punkta over) syner at planområdet ligg heilt utafør faresone for alle typar skred, og at området tilfredstillar krav for byggetiltak i den strengaste sikringsklassen S3 - som er aktuell for tiltaka i dette planområdet. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Fjellskred	Planområdet er ikkje omfatta av aktsemdsområde for fjellskred. Temaet vurderast ikkje vidare i ROS.
Flaum i vassdrag	Planområdet er ikkje omfatta av aktsemdsområde for flaum i vassdrag. Temaet vurderast ikkje vidare i ROS.
Ekstremnedbør og overvatn	Kart over dreneringslinjer frå Innlandsgis, viser at det vatn som følgjer vegggrøfter kan kome på avvege i ytterkantane av planområdet og evt. skape problem. Det er ikkje forventat at den planlagde utbygginga vil skape overvassproblem for områda nedanfor. Nye bygningar og andre anlegg, vil medføre større areal med tette flatar, og framtidig klima med utsikter til fleire hendingar med styrtregn tilseier ein nærare vurdering i ROS. Den planlagde utbygginga er så vidt stor at problemstillingar knytt til ekstremnedbør og overvatn bør bli behandla i ein overvassplan.

Fare	Vurdering
Vind	Planområdet vurderast ikkje særskilt utsett for vind. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Skog-/lyngbrann	Planområdet ligg i eit utbygd område og ikkje nær inntil skog og utmark. Ein vurderer at planområdet derfor ikkje utsett er for skog-/lyngbrann. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
VERKSEMDSBASERTE FARER	
Brann/eksplosjon	Området har god tilkomst for brannvesenet, og det er god tilgang på sløkkevatn i området. Sikkerheit med omsyn til brann blir ivareteke i byggesak. Det vil dessutan vere døgnkontinuerleg vaktordning knytt til omsorgsbustadane. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Kjemikalieutslepp og anna forureining	Det blir vurdert at dette ikkje er relevant problemstilling for dette planområdet. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Forureina grunn	Det er ikkje kjent forureina grunn i området. Det har heller ikkje vore verksemd i området som tilseier at grunnen har vorte forureina. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Elektromagnetiske felt	Det er ikkje høgspenkablar eller anlegg som tilseier elektromagnetisk stråling i planområdet. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Støy	Støyvarselkart langs fylkesvegen viser at planlagd bygnad ligg utafor område som reknast utsett for vegtrafikkstøy. Fartsgrensa på fylkesvegen er 40 km/t, og trafikken er moderat (ÅDT 450). Trafikken på den kommunale veggen er liten og med fartsgrense på 30 km/t, og potensiale for støyproblem er lite. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
INFRASTRUKTUR	
Vassforsyning/ drikkevasskjelder	Det er ikkje drikkevasskjelder som blir påverka av utbygginga. Bygnaden skal vere knytt til kommunal vassforsyning som ligg i området. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Avlaupsanlegg/ leidningsnett	Bygnaden skal vere knytt til kommunalt avlaupsnett som ligg i området. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Kraftforsyning	Bygnaden skal vere knytt til eksisterande kraftforsyning i området. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Trafikk/trafikkulykker	Endring i arealbruksformål og påfølgjande utbygging vil kunne medføre noko auke i trafikk. Temaet vurderast nærare i ROS.
Framkomst for utrykkingskøyretøy	Tilkomst for utrykkingskøyretøy skjer langs fylkesveg og kommunal veg, og det er fleire moglegeheiter for vegtilkomst. Området ligg inntil ambulansestasjon og legevakt. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Sløkkevatn for brannvesenet	Byggteknisk forskrift (TEK 17) § 15-9 set krav til sløkkevatn. Området er forsynt med sløkkevatn gjennom kommunal vassforsyning. Temaet vurderast ikkje vidare i ROS.
SÅRBARE OBJEKT OG TILSIKTA HANDLINGAR	
Sårbare bygg	Det planleggast for sårbare bygg i planområdet – omsorgsbustadar for klientar innan psykisk helsevern m.m. Planlegging av bygningar og tilknytte anlegg blir tilpassa føremålet. Det vil vere døgnkontinuerleg vaktordning knytt til omsorgsbustadane. Opplegg og rutinar vil ivareta sikkerheit internt og eksternt. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.
Tilsikta handlingar	Tiltaket vil ikkje vere særskilt mål for terror-/krigshandlingar. Døgnkontinuerleg vaktordning og rutinar vil ivareta sikkerheit internt og eksternt. Temaet vurderast ikkje nærare i ROS.

5.2 Usikkerheit ved vurderingane.

Analysen har lagt til grunn eksisterande dokument, kartbasar og kunnskap om planområdet. Dersom føresetnadane for analysen vert endra, kan det medføre at dei vurderingar som er gjort i ROS-analysen ikkje lenger er gyldige, og en revisjon av analysen bør då vurderast. Vurderingane må i noko grad må basere seg på erfaring og fagleg skjøn, og medfører ein viss grad av usikkerheit.

6 Vurdering av sårbarheit.

Følgande farar/uønskte hendingar var i føregåande kapittel vurderte som relevante for planområdet, og det blir da gjort ei vidare vurdering av sårbarheit for desse:

- Ekstremnedbør og overvatn
- Trafikk

Sårbarheit blir vurdert ut frå desse kriteria:

Kategori for sårbarheit	Omtale
Svært sårbart	Eit vidt spekter av uønskte hendingar kan inntreffe der sikkerheita og områdetets funksjonalitet vert ramma slik at akutt fare oppstår
Moderat sårbart	Eit vidt spekter av uønskte hendingar kan inntreffe der sikkerheita og områdetets funksjonalitet vert ramma slik at ulempe eller fare oppstår
Lite sårbart	Eit vidt spekter av uønskte hendingar kan inntreffe der sikkerheita og områdetets funksjonalitet vert ramma slik at områdetets funksjonalitet vert ramma ubetydeleg
Ikkje sårbart	Eit vidt spekter av uønskte hendingar kan inntreffe utan at sikkerheita og områdetets funksjonalitet vert ramma

Sårbarheit kan bli omtala som det motsette av robustheit, og omgrepet sårbarheit nyttast når ein er oppteke av konsekvensane av en hending/faresituasjon.

Vurdering av sårbarheit skal danne grunnlag for kva for farar/hendingar som det skal bli gjennomført detaljert risikoanalyse for. Detaljert ROS-analyse skal da bli utført der analyseobjektet står fram som moderat eller svært sårbart for hendinga/faren.

6.1 Ekstremnedbør og overvatn.

Det er ikkje forventa at den planlagde utbygginga vil skape overvassproblem for områda nedanfor. Men nye bygningar og andre anlegg, vil medføre større areal med tette flatar. Prognosar for framtidig klima med utsikter til fleire hendingar med styrtregn, tilseier ein nærare vurdering i ROS. Den planlagde utbygginga er så vidt stor at problemstillingar knytt til ekstremnedbør og overvatn tilseier at det må bli utarbeidd ein overvassplan for tiltaket.

Kart over dreneringslinjer frå Innlandsgis, viser at det er overvatn som kan kome på avvege i ytterkantane av planområdet og evt. skape problem, jf. kartutsnitt på neste side. Kartet viser at det ved ein ekstrem nedbørssituasjon kan kome vatn på avvege frå områda langs Brattbakken som vil følge ei grøft på nordsida av fylkesvegen inn mot planområdet frå sørvest. Veggrøfta blir leia i ei stikkrenne under den kommunale vegen Røyskattlie. Der denne stikkrenna kjem ut på nordsida, er

det eit lågpunkt der vatn har hatt lett for å bli ståande. Vatnet blir her leia vidare under fylkesvegen i eit lukka røyrssystem ned mot elva Bøvre som er del av det kommunale overvass-nettet. Det er gjort tiltak for å hindre opphopinga av vatn i lågpunktet etter uveret «Hans» i 2023. I reguleringsplan-forslaget er det ikkje føreslege byggetiltak i området her, slik at oppstuving av vatn i alle tilfelle ikkje er kritisk for planområdet, men evt. kan vere til ulempe for trafikken på vegane.

Kartet viser også at vatn på avvege kan kome over Røyskattlivegen ved yttergrensa for planområdet i nord ved det som lokalt blir kalla Kvandalsvollhuset (Krokamyrvegen 12 og 16). Vatnet frå områda ovafor, skal bli fanga opp av kommunalt overvassanlegg, men ved ekstreme nedbørmengder kan det vere eit potensielt problem at vatnet kan renne over veggrøfta og ned mot planområdet.



Figur 2. Kart over dreneringsliner frå InnlandsGIS. Raude liner viser far der ein reknar at overvatn kan kome på avvege og renne i ein situasjon med tette stikkrenner/manglande kapasitet på overvass-systemet. Stipla svart strek er avgrensinga av planområdet.

Det er eit kommunalt overvassnett i området som skal drenere vatn vekk frå dei problemområda som er nemnt. Dette er vist i figur 3 under. Overvassnettet i nordre del av planområdet har vore oppgradert i det siste (etter uveret Hans i 2023). Kommunen sitt VA-kart i figur 3 er ikkje oppdatert i forhold til dette arbeidet. For tilhøva her viser ein også til foto - figur 4.



Figur 3. Kart som viser det kommunale avlaupsnettet. Svarte liner viser kommunalt nett for overvatn. Blå liner viser kommunalt vassleidningsnett, medan grøne liner viser avlaupsnettet. Overvassnettet i dette området har vore oppgradert i det siste (etter uveret Hans i 2023). Kommunen sitt VA-kart i figur 3 er ikkje oppdatert i forhold til dette arbeidet.

Det går veggrøft nedover langs sørvestsida av Røyskattlivegen frå krysset mot Røyskattlie 17-28 ned til fylkesvegen. Det er stikkrenne under den private vegen Brattbakken. Det er ikkje registrert særskilte problem med at vatn her kjem på avvege.

I «Klimaprofil for Oppland» er det rekna at episodar med kraftig nedbør er venta å auke vesentleg både i intensitet og hyppigheit. Nedbørmengda for døgn med kraftig nedbør er forventa å auke med 20 %. For kortvarige nedbørepisodar er det indikasjonar på at auke i intensitet kan vere større enn

for verdiane i løpet av eit døgn. Inntil vidare er det tilrådd å nytte eit klimapåslag på minst 40 % med omsyn til kraftig regn med varigheit under 3 timer.



Figur 4: Ved nordaustgrensa for planområdet er det kommunale leidningsnett nyleg oppgradert. Det gjeld også overvassleidningar og kummar/sluk.

Planområdet står fram som sårbart for ekstremnedbør/overvann. Det er gjennomført ei ytterlegare risikokartlegging, i samsvar med DSB sin rettleiar (DSB-skjema under). Ein konkluderer med at utan ytterlegare tiltak enn det som er gjort med omsyn til overvasshandtering i dette området, vil overvassflaum ikkje utgjere fare for liv og helse. Eventuelle skadar vil vere avgrensa skade på materielle verdier knytt til uteområde og i verste fall bygningar.

Den planlagde utbygginga vil medføre større areal med tette flatar, som krev at ein vier overvasshandteringa merksemd. Det føreset at det blir utarbeidd ein overvassplan i samband med den framtidige utbygginga, og dette vil bli nedfelt i reguleringsføresegnene ved planrevisjonen. Ein reknar likevel ikkje overvatn på avvege her som kritisk for planområdet, og ser det som tilstrekkeleg med at krav om framlegging av overvassplan knytast til framtidig byggesak. Det same gjeld gjennomføring av evt. tiltak i tråd med overvassplanen.

6.1.2 Ekstremnedbør og overvatn (DSB-skjema).

UØNSKT HENDING: EKSTREMNEDBØR OG OVERVATN					
Lom har forholdsvis små nedbørsmengder, og årsnedbør overstig sjeldan 400 mm. Likevel kan nedbør kome konsentrert. At terrenget i området stig jamt opp frå fylkesvegen, vil medføre rask avrenning og kort responstid på nedbør ned mot planområdet. Kart over dreneringslinjer og lågpunkt/låge område frå InnlandsGis, viser at vatn på avvege vil kunne kome inn og skape problem i området som nå skal regulerast.					
OM NATURPÅKJENNINGAR (TEK)	SIKRINGSSKLASSE FLAUM			FORKLARING	
Ikkje krav (sjå forklaring)				Det er ikkje fastsett noko sikringsklasse for overvatn, men NVE og DSB rår i uttaler til lovendring til at Tek § 7-2 med sikringsklassar for flaum blir gjort gjeldande for overvatn.	
ÅRSAKAR					
Ved store nedbørsmengder eller styrtregn vil mykje vatn kunne drenere ned mot areal i utkantane av planområdet. I InnlandsGIS er det dreneringslinjer som indikerer problem med overvatn i området nede ved fylkesvegen og for areal heilt nordaust i planområdet. Begge stader er det oppgjeve at desse flaumløpa kan drenere eit nedslagsfelt på 100 - 500 dekar dersom stikkrenner i området går tett. Det kan da bli snakk om forholdsvis store vassmengder, som kan medføre skadar på bygg og eigedom.					
EKSISTERANDE BARRIERAR					
Eksisterande overvassnett i området. Ved nordaustgrensa for planområdet er heile overvassnettet fornya/oppgradert etter uveret «Hans» i 2023. I området i sørvest ved fylkesvegen er sluk og overvassrør utbetra/oppgradert.					
TRYGGLEIKSVURDERING					
Den delen av planområdet der det planleggast for utbygging av omsorgsbustadar, ligg noko unna dei områda som er omtalt over som problemområde for overvatn. Den planlagde utbygginga vil medføre større areal med tette flatar, som krev at ein vier overvass-handteringa merksemd.					
SANNSYN	HØG	MIDDELS	LÅG	FORKLARING	
	X			Ekstremnedbør oftare og med større intensitet. Oftare rask snøsmelting.	
I «Klimaprofil for Oppland» er det rekna at episodar med kraftig nedbør er venta å auke vesentleg både i intensitet og hyppigheit. Nedbørmengda for døgn med kraftig nedbør er forventa å auke med 20 %.					
KONSEKVENSVURDERING					
	KONSEKVENSKATEGORIER				
KONSEKVENSTYPAR	HØG	MIDDELS	SMÅ	IKKJE RELEVANT	FORKLARING
Liv og helse				X	Svært lite sannsyn for personskade.
Stabilitet				X	Svært lite sannsyn for ustabilitet.
Materielle verdiar			X		Små tap av materielle verdiar
Utan ytterlegare tiltak er det ikkje venta at overvassflaum vil utgjere fare for liv og helse, men vil avgrense seg til skade i på materielle verdiar knytt til bygningar og eigedom.					
USIKKERHEIT			GRUNNGJEVING		
Middels			Dreneringslinjer frå InnlandsGis. Manglande overvassplan.		
FORSLAG TIL TILTAK OG MOGELEG OPPFØLGING I AREALPLANLEGGINGA OG ANNA					
Tiltak			Oppfølging gjennom planverktøy		
Sørgje for at det blir sett av tilstrekkeleg med areal med permeable flatar. Sørgje for at anlegg for overvasshandtering blir dimensjonert og bygd ut med tilstrekkeleg kapasitet for å ta i mot vatn som ikkje drenerer i grunnen, og leie det bort på ein trygg måte.			Setje krav i reguleringsplanen om utarbeiding av overvassplan. Gjennom planføresegnene sikre at det blir sett krav om klimapåslag ved overvasshandtering. Ved reguleringsplanarbeidet og ved utforming av byggeplanar/utomhusplanar, sørgje for at det blir sett av tilstrekkeleg med permeable flatar som gjer at overvatn kan drenere i grunnen.		

6.2 Trafikk/trafikkulykker.

I gjeldande reguleringsplan for Røyskattlie 18, er det nedfelt at det på arealet for offentlig tenesteyting (TY) kan oppførast konsentrerte småhus med inntil 8 brukseiningar. På den delen av planområdet som omfattar reguleringsplanen for Kroken-Eggjalia-Kulihaugen, står i dag det såkalla «Kvandalsvollhuset» som har vore leigd ut som ein bueining. I forslaget til endring av reguleringsplan, er det ikkje sett noko øvre tal for brukseiningar, men kommunen planlegg for 12 omsorgsbustadar innafor planområdet.

Bebuarane i omsorgsbustadane vil sjølve i svært liten grad vere motoriserte. Trafikken til området vil i hovudsak vere personell som har sin arbeidsplass ved institusjonen og besøkande. Det er gjennom året knytt om lag 30 personar som helsearbeidarar/miljøarbeidarar til denne institusjonen. Det er heildøgnsdrift, med om lag 10 på vakt samstundes på dagtid og mindre på natt og i helg. Det blir lagt opp til at personellet skal parkere på parkeringsplassen ved Lom helseheim. Denne parkeringsplassen som ligg tett inntil planområdet i nordaust, har tilkomst inn frå Krokamyrvegen like innanfor krysset mot fylkesvegen. Parkeringsplassen er nyleg er opprusta og tilrettelagt med motorvarmepunkt osv.

Institusjonen har i dag tilhald i Røyskattlie 9, 11, 13 og 15 like nord for planområdet. Det er her parkeringsplassar for dei tilsette på begge sider av Røyskattlivegen, og biltrafikken hit har kome i begge retningar langs den kommunale veggen. Når no biltrafikken som dei tilsette ved institusjon utløyser i liten grad vil gå langs veggen Røyskattlie, vil trafikkbelastninga her venteleg bli redusert med positiv verknad med omsyn til trafikktryggleiken.

Utbygginga i planområdet inneber ei flytting av institusjonen frå Røyskattlie 9, 11, 13 og 15 til Røyskattlie 18 som ligg nærare krysset mot fylkesvegen. Planen legg opp til opprusting av den delen av Røyskattlie som ligg innafor planområdet. Planforslaget legg opp til 12 utandørs parkeringsplassar for besøkande og tenestebilar som anten har tilkomst frå Røyskattlie eller Krokamyrvegen. Det blir tilrettelagt for at parkering av tenestebilar kan skje i carport/garasjar. I planforslaget er det føreslege 6 langsgåande parkeringsplassar for besøkande langs veggen Røyskattlie. Det er liten trafikk på veggen Røyskattlie, og fartsgrense på 30 km/t slik at ein reknar at etablering av langsgåande parkeringsplassar ikkje vil innebere noko auka trafikkfare.

Det er pr. i dag planar om ombygging/renovering og framtidig bruk av eksisterande bygningsmasse i Røyskattlie 9, 11, 13 og 15 som bustadar for eldre med omsorgsbehov. Førebelse planar omfattar 16 bueiningar. Dei framtidige bebuarane her vil i nokon grad ha eigen bil, og i tillegg kjem trafikk av besøkande og heimetenesta og liknande. Ein kan forvente at trafikken knytt til dette arealet, vil bli omtrent på same nivå som i dag både av køyrande og gåande. Heimeteneste og helseteneste vil vere lokalisert nær på Lom helseheim og i gangavstand, slik at dette evt. kan avgrense bilkøyring noko. Røyskattlie 9, 11, 13 og 15 ligg utanfor reguleringsplanområdet.

Ser ein på trafikken knytt til den planlagde utbygginga i Røyskattlie 18, saman med den framtidige trafikken til Røyskattlie 9, 11, 13 og 15, vil ein venteleg få noko auke av både biltrafikk og av mjuke trafikantar på den kommunale veggen. Ein har gjort ei berekning av trafikken som har gjeve ein årsdøgntrafikk på 104 turar med bil pr. døgn langs denne delen av Røyskattlie i framtida. Andelen store bilar vil vere svært liten. Det er vanskeleg å seie heilt eksakt kor mykje biltrafikken vil auke, men anslaget er 32 bilturar på ein kvardag. Det svarar til ei auke av årsdøgn-trafikken (ÅDT) på 26 køyretøy (32 X 0,8), dvs. ein auke av ÅDT på 25 % av den totale ÅDT på 104 køyretøy.

Det er ein del trafikk av mjuke trafikantar langs Røyskattlie-vegen. Vegbiten opp frå fylkesvegen er del av turvegen opp mot Lomseggje, og den er skilta. Turvegen held fram vidare oppover etter krysset mot Røyskattlivegen 17- 28. Både turistar og lokale går her, og for dei lokale inngår Røyskattlie som del av den daglege turrunda i sentrumsområdet både sommar og vinter. Denne delen av vegen er også aktuell skuleveg for bustadane i Brattbakken og i nedre del av Røyskattlie-vegen. Både turgåarar og skulebarn må da krysse fylkesvegen over mot gang- og sykkelvegen som går på søraustsida av fylkesvegen. Det er ikkje fotgjengarovergang over fylkesvegen her, men elles tilrettelagt ved at det er opphald i veggrøft og gateljos. Spørsmålet om fotgjengarovergang her var drøfta da gjeldande reguleringsplan var utarbeidd i 2014. Det var også tema da gang- og sykkelvegen vart bygd nokre år seinare i regi av Statens vegvesen. Det er no Innlandet fylkeskommune som er vegeigar, og opp til dei om dei kan innfri ønske om fotgjengarovergang her. Skulebarn som bur langs Vera Henriksen veg og i Røyskattlie-vegen nord for krysset mot denne, vil nytte gangvegar/stigar/snarvegar gjennom helseheimområdet til gang- og sykkelveg mot skulen som her skiftar side til nordaustsida av fylkesvegen eller evt. krysse fylkesvegen ved fotgjengarovergang mot Brubakken ved helseheimkrysset. Ideelt sett burde det ha vore gang- og sykkelveg langs Røyskattlie, men biltrafikken er forholdsvis avgrensa. Både trafikkmengda, trafikken si samansetting og fartsgrensa på 30 km/t, tilseier at faren for trafikkulykker må reknast som liten. Sett saman med lågt tal på skulebarn som nyttar vegen, gjer dette at strekninga av Røyskattlie-vegen gjennom planområdet ikkje står øvst på prioriteringslista for anlegg av gang- og sykkelveg/trafikksikringstiltak langs kommunale vegar i Lom.

Den kommunale vegen Røyskattlie er i dag forholdsvis smal og dels dårleg utforma (jf. bilde på neste side). Planforslaget legg til rette for auka breidde og betre utforming av den kommunale vegen - og av kryss innafor planområdet. Krysset mot Røyskattlie 17-28 vil bli betre utforma, og også mot fylkesvegen inneberer planforslaget oppstramming av krysset med omsyn til utforming og siktforhold (sikringsone frisikt – jf. bilde på neste side). Det er gjennomført ei risikokartlegging for «Trafikkulykker» under, i samsvar med DSB sin vegleiar (DSB-skjema under). Konklusjonen når det gjeld trafikktryggleik og trafikkavvikling, er at ein vurderer at planendringa som er føreslege for Røyskattlie 18, vil innebære at planen legg til rette for ei forbetring av forholda i høve til i dag.



Figur 5: Foto av krysset mellom Røyskattlivegen og fylkesveg 2638 Solsidevegen - teke ca. 6 m inn frå kanten av sistnemnde. Bildet til venstre viser at sikte nordaustover er god. Bildet til høgre viser eit gjerde som er oppsett inn mot kryss. Gjerdet er i konflikt med siktretkant som føreset ingen hindringar over 0,5 m høgde. Foto teke 19.03.2026 av Øyvind Pedersen.



Figur 6: Bildet viser at Røyskattlivegen nedover mot fylkesvegen. Foto teke 19.03.2026 av Øyvind Pedersen.



Figur 7: Bildet viser Røyskattlivegen frå plangrensa i nordaust på strekninga fram mot krysset mot Røyskattlie 17-28. Foto teke 19.03.2026 av Øyvind Pedersen.

6.2.1 Trafikkulykker (DSB-skjema)

UØNSKT HENDING: Trafikkulykker					
Den kommunale vegen Røyskattlie er pr. i dag forholdsvis smal og utan gang- og sykkelveg. Især blanding av mjuke og harde trafikantar gjer at det er ein risiko for at trafikkulukker kan skje.					
OM NATURPÅKJENNINGAR (TEK)	SIKRINGSSKLASSE FLAUM	FORKLARING			
Ikkje relevant for temaet.					
ÅRSAKAR					
Den kommunale vegen Røyskattlie er pr. i dag forholdsvis smal og utan gang- og sykkelveg. Både turgåarar og skulebarn må nytte vegbanen da det i praksis ikkje er nokon vegskulder.					
EKSISTERANDE BARRIERAR					
Ingen.					
TRYGGLEIKSVURDERING					
Biltrafikken langs vegen er liten. Trafikken vil ein venteleg få noko auke av både biltrafikk og av mjuke trafikantar etter utbygging av ny institusjon og omgjering av den gamle til bustadar for eldre med omsorgsbehov. Berekna trafikkmengde på vegen etter desse tiltaka viser ein årsdøgntrafikk på 104 turar med bil pr. døgn langs den aktuelle delen av Røyskattlie i en framtidig situasjon. Delen store bilar vil vere svært liten og ikkje aukande. Fartsgrensa på Røyskattlie er 30 km/t, medan det er 40 km/t og fartsdumpar på fylkesveg 2638. Både turgåarar og skulebarn må krysse fylkesvegen over mot gang- og sykkelvegen som går på søraustsida av fylkesvegen. Det er ikkje fotgjengarovergang over fylkesvegen her, men elles tilrettelagt ved at det er opphald i veggrøft og gateljos.					
SANNSYN	HØG	MIDDELS	LÅG	FORKLARING	
		X		Vurdert potensiale for ulykke kvar 10-100 år.	
Liten trafikk på Røyskattlie (ÅTD 104) og på fylkesvegen (ÅTD 450) og låge fartsgrenser tilseier at risikoen for trafikkulykker er låg trass uheldig blanding av mjuke og harde trafikantar. Det er ingen registrering av ulykker.					
KONSEKVENSVURDERING					
	KONSEKVENSKATEGORIER				
KONSEKVENSTYPAR	HØG	MIDDELS	SMÅ	IKKJE RELEVANT	FORKLARING
Liv og helse		X			Ulykke med personskaade.
Stabilitet				X	Svært lite sannsyn for ustabilitet.
Materielle verdiar			X		Små tap av materielle verdiar
Låg fart tilseier at sannsyn for dødsulykke er svært liten, men at trafikkulykke kan føre til personskaade. Låg fart tilseier også at skade på køyretøy og evt. andre materielle verdiar ved trafikkulykke vil vere avgrensa.					
USIKKERHEIT		GRUNNGJEVING			
Middels		Berekning av trafikkmengder og trafikksamansetting vil alltid vere noko usikre.			
FORSLAG TIL TILTAK OG MOGELEG OPPFØLGING I AREALPLANLEGGINGA OG ANNA					
Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy				
Anlegg av fotgjengarovergang over fylkesvegen i området ved krysset mot Røyskattlie. Handheving av krav til friskt i krysset mellom den kommunale vegen og fylkesvegen.	Reguleringsplanen som opnar for å bygge Røyskattlie-vegen breiare, med betre lineføring og med betre utforma vegkryss, vil bidra til redusert ulykkesrisikoen. Avsett sideareal til veggrøft og snøopplag i tillegg til breiare vegbane, vil også bidra til å gjere ferdsel av fotgjengarar/mjuke trafikantar tryggare. Fastsetting av frisktlinjer og frisktsoner på plankartet i krysset mellom den kommunale vegen og fylkesvegen i tråd med vegnormalen, vil bidra til betresiktforhold og betre trafikktryggleik.				